

# MUSEA I SOGN OG FJORDANE

---

## PROTOKOLL FRA RÅDSMØTET I STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Stad: De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum  
Dato: Tydag 28. mai 2013  
Tid: 11:00 - 14:15  
Deltakarar: Sjå vedlagte liste over rådsmedlemmar m.fl.

Rådsordfører Åshild Johanne Høivik Kjelsnes ønske møtedeltakarane velkomne og starta møtet med opprop.

### SAK 1/2013 Godkjenning av innkalling

Merknad frå Lillian Samdal om å ha mottatt valnemnda sitt framlegg for seint.

*Vedtak:*

**Innkalling vert godkjent med kommentarar og innspel frå rådsmøtet.**

### SAK 2/2013 Godkjenning av saklista

*Vedtak:*

**Saklista vert godkjent med kommentarar og innspel frå rådsmøtet**

### SAK 3/2013 Konstituering:

Val av møteleiar:

Rådsleiar Åshild Johanne Høivik Kjelsnes vart vald

Val av sekretær:

Anne-Marie Førde vart vald

Val av to personar til å skrive under møteboka:

Lillian Samdal og Gjert Heiberg vart vald

### SAK 4/2013 Godkjenning av årsmelding 2012

*Vedtak:*

**Framlagt årsmelding for 2012 vert tatt til vitande med kommentarar og innspel frå rådsmøtet**

### SAK 5/2013 Godkjenning av rekneskap 2012

*Vedtak:*

**Framlagt rekneskap for 2012 og revisjonsmelding vert tatt til vitande**

# MUSEA I SOGN OG FJORDANE

---

## SAK 6/2013 Budsjett 2013

*Vedtak:*

**Framlagt budsjett for 2013 vert tatt til vitande**

## SAK 7/2013 Godtgjering til styret

I flg. § 7 i vedtektene for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane skal rådet fastsette godtgjering til styret i stiftinga.

Valkomiteen legg fram følgjande samrøystes tilråding:

**Modell:**

### **Styreleiar**

Fast årleg godtgjering omfattar førebuing til, gjennomføring og oppfølging av styremøter, deltaking i andre møter, konferansar m.m. på vegne av eller som gjeld Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Summen vert fastsett i % av same sum som vert nytta til fastsetting av godtgjering til fylkestingsmedlemmer, fylkesutvalsmedlemmer og hovudvalsleiar. Fast sum til dekking av utgifter til telefoni/breiband.

**Styremedlemmer:**

Møtegodtgjering pr. møte. Tapt arbeidsforteneste. Vederlag for utgifter.

**Styreleiar/styremedlemmer:**

Statens satsar vert lagt til grunn for godtgjering av reiser og diett.

### **Satsar pr. 01.01.2013:**

Fast godtgjering til styreleiar (auka med 4,3 %)	kr.	54.300,-
Dekking av telefon/breiband (styreleiar)	kr.	2.551,-
Godtgjering pr. møte til styremedlemmer	kr.	800,-
Tapt arbeidsforteneste: Legitimert tap inntil:	kr.	2.860,-
Ulegitimert tap inntil:	kr.	1.530,-
Vederlag for påførte legitimerte utgifter inntil:	kr.	2.200,-
Vederlag for påførte legitimerte utgifter inntil:	kr.	1.200,-

### **Regulering kvart år pr. 1. januar**

Regulering av godtgjering og vederlag er i tråd med årslønsveksten i det fylkeskommunale tariffområdet, og vert betalt etterskotsvis med verknad pr. 1. januar det påfølgjande året.

Etter framlegg frå valnemnda orienterte rådsordførar om at ein i fylkesutvalet hadde diskutert å auke godtgjersla til styreleiar i MiSF til kr. 100.000 ut frå eit prinsipp om at godtgjersla til styreleiar bør vere 60% av hovudutvalsleiarane i fylkeskommunen si godtgjering.

Fleire i rådsmøtet tok ordet i saka.

Rådsordførar konkluderte med å kalle saman rådet i høve til vedtektene over sommaren.

Det vart ikkje røysta over valnemnda sitt framlegg til vedtak:

**Framlagt forslag frå valnemnda om godtgjering til stiftingsstyret vert samrøystes vedtatt**

# MUSEA I SOGN OG FJORDANE

---

Rådsordføreren la fram følgjande forslag til vedtak:  
**Saka vert utsett**

*Vedtak:*  
**Saka vert utsett**  
Samrøysta

## SAK 8/2013 Val etter vedtektene: Val av medlemmer til stiftingsstyret

Lillian Samdal ba om at valet vart utsett på bakgrunn av at valnemnda sitt framlegg var mottatt berre to dagar før rådsmøtet.

Rådsordførar ba om at rådet gjennomførte valet med følgjande protokolltilførsel:  
**Alle saksdokument til rådsmøta vert å sende ut samla for ettertida**

Ivar Svensøy presenterte valnemnda sitt forslag med tilleggsopplysningar om kvar enkelt.

Valnemnda la fram følgjande forslag på rådsordførar:  
Fylkesordføreren

Valnemnda la fram følgjande forslag på vara for rådsordførar:  
Håkon Myrvang

Valnemnda la fram følgjande forslag på to styremedlemmer og to varamedlemmer til stiftinga Musea i Sogn og Fjordane:

Styremedlem:	<b>Arild Hartmann Eriksen</b>	Førde
Varamedlem:	Vidar Grønnevik	Florø
Styremedlem:	<b>Olve Grotle</b>	Førde
Varamedlem:	Hege Lote	Gloppen

### Avrøysting:

Valnemnda la fram følgjande forslag på rådsordførar:  
**Fylkesordføreren**

*Vedtak:*  
**Fylkesordføreren**  
Samrøysta

Valnemnda la fram følgjande forslag på vara for rådsordførar:  
**Håkon Myrvang**

*Vedtak:*  
**Håkon Myrvang**  
Samrøysta

# MUSEA I SOGN OG FJORDANE

---

Valnemnda la fram følgjande forslag på styremedlem til Stiftinga MiSF:  
**Arild Hartmann Eriksen**

*Vedtak:*  
**Arild Hartmann Eriksen**  
Samrøysta

Valnemnda la fram følgjande forslag på varamedlem til Stiftinga MiSF:  
**Vidar Grønnevik**

*Vedtak:*  
**Vidar Grønnevik**  
Samrøysta

Valnemnda la fram følgjande forslag på styremedlem til Stiftinga MiSF:  
**Olve Grotle**

Lillian Samdal sette fram forslag på Anders Folkmann som motkandidat til Olve Grotle.  
Det vart røysta over endringsforslaget som fall med 1 stemme for Anders Folkmann mot 10 stemmer for Olve Grotle.

*Vedtak:*  
**Olve Grotle**

Valnemnda la fram følgjande forslag på varamedlem til Stiftinga MiSF:  
**Hege Lote**

Lillian Samdal sette fram forslag på Anders Folkmann som motkandidat til Hege Lote.  
Det vart røysta over endringsforslaget som fall med 2 stemme for Anders Folkmann mot 9 stemmer for Hege Lote.

*Vedtak:*  
**Hege Lote**

## Val etter vedtektene: Val av valnemnd

Jarle Aardal fremma forslag på Marta Kvikne som nytt medlem i valnemnda.  
Marta Kvikne takka nei til å bli vald.  
Det vart sett fram forslag på å utsette valet av eit tredje medlem i valnemnda, men det vart ikkje stemt over forslaget.

  
Lillian Samdal

Kaupanger, 28. mai 2013

  
Gjert Heiberg